



Klasse 10 D  
Rom 174  
5914 ISDALSTØ

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 15/2257 - 19/7425

Saksbehandlar:  
Morten Olsen Schulstad  
morten.olsen.schulstad@lindas.kommune.no

Dato:  
04.03.2019

## Om søknad om å kunne forlate skulen sitt område i matpausane

Skulen viser til søknad, mottatt 04.03.19, der klasse 10 D søker om løyve til å forlate skulen sitt område i matpausane.

Rektor fattar med dette følgjande beslutning:

Elevane i klasse 10 D får løyve til å forlate skulen sitt område i matpausane. Løyvet er gyldig frå og med måndag 11.03.19 til og med onsdag 19.06.19. Løyvet er gitt på vilkår om at alle elevane i klassen er solidarisk ansvarlege for at alle elevane kjem seg attende til skulen i god tid før 4. time.

Om skulen finn at dette løyvet har uønskt effekt på klassemiljø og/eller læringsresultat vil løyvet bli trekt attende.

Grunngjeving for beslutninga:

Rektor har lagt vekt på at klassen sjølv meiner at dette har ein positiv effekt på klassemiljøet og at løyvet vil kunne motivera elevane i klassen til å gjere ein god jobb den siste tida i grunnskulen. Det er òg prisverdig at klassen ønskjer å støtte det lokale næringslivet. Vidare merker rektor seg at klassen har gitt skriftleg garanti for at dei skal ete «god og næringsrik mat» som vi gi «hjerneføde». På bakgrunn av dette tar rektor det for gitt at klasse 10 D vil avstå frå å nyte snop, snøggmat og energidrykk i skuletida – noko både skulen og tannhelsetenesta applauderer.

Med helsing

Morten Olsen Schulstad  
rektor

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

---

#### Post

postmottak@lindas.kommune.no  
Dokumentsenteret  
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

#### Kontakt

www.lindas.kommune.no  
Telefon +47 56 37 50 00  
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 3201.05.89311  
Org.nr. 935 084 733

DER DRAUMAR BLIR RØYNDOM



**Kopi til:**

Anders Olav Dale  
Astrid Risa  
Gro Sundal  
Hans Ketil Porsmyr  
Hege Høysæter Milde  
Hilde Fiske Hugaas  
Thomas Corneliussen

**Mottakarar:**

Klasse 10 D

Rom 174

5914

ISDALSTØ